



Eva Megyesi held fram konsertsuksessen. Her etter siste konserten i Uskedal kyrkje.

**Etter to fantastiske konsertar i Uskedal kyrkje har Konsertfestivalen 12 kyrkjer no flytta seg til Rosendal. 27.oktober er det klart for konsert i Kvinnherad kyrkje. Også denne gongen vert det presentert dyktige og spennande gjester i tillegg til Eva sjølv. Kanskje vert det full kyrkje også denne gongen?**



[Rosendal songlag er gjester.](#)

Eva Megyesi fortel at Rosendal songlag vert med og syng vakre songar. Ho er sjølv dirigent for koret. Prestane i Kvinnherad er svært dyktige songarar, og denne kvelden er sokneprest Kjetil Kringlebotten songsolist. I tillegg vert Kvinnheradspublikummet presentert for eit talent frå Odda. Eva seier at den 7 år gamle guten David Buta er eit heilt fantastisk og spesielt talent, og han skal framføra Ludvig van Beethoven sin Bagatelle i g-moll på piano.

I tillegg til gjestene vert det sjølvstilt flott orgelmusikk ved Eva Megyesi sjølv. Denne gongen lovar ho til og med ei verdspremiere. Ho skal spela 'Tocatta og Fuga'- skreven på den vakre songen vår 'Alltid freidig når du går'. Verket er komponert av ektemannen hennar, Pawel Cabala, som er kantor i Odda og ein dugande komponist. Det vert første gong heile stykket vert framført, men vi fekk høyre fuga under konserten i Uskedal kyrkje nyleg. Veldig vakkert!

Konserten er altså 27.oktober kl.19, og vi ser fram til ein flott oppfølgjar av dei supre konsertane i Uskedal kyrkje.



Det 7 år gamle talentet David Buta er gjest på konserten.

Tekst og nett: Thor Inge Døsland  
Foto: arrangøren og Thor Inge Døsland.